



Arkivnr: 2016/1837-1
Saksbehandlar: Jostein Farestveit

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 24.02.2016 |

Vedtaksretting i PS 8/2016

Samandrag

I PS 8/16 «Gjennomgang av støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar i 2016» er det i samband med offentleggjeringa av protokollen avdekkja avvik i høve støttesum til tre aktørar. Det er ikkje samsvar mellom støttesum som er sett opp i vedtaksteksten og fylkesrådmannen si innstilling som er gjevne i teksten i PS 8/2016. Fylkesrådmannen ber i denne saka om at vedtaket vert retta.

Forslag til vedtak

Vedtaket i PS 8/16 rettast til følgjande for dei tre gjevne aktørane:

- Design Region Bergen kr 500 000 for 2016 og 2017
- Maritimt Forum for Bergensregionen kr 500 000 for 2016 og 2017
- Filmfondet Fuzz kr 300 000 i 2016

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 PS 8/2016 «Gjennomgang av støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar 2016»

Fylkesrådmannen, 15.02.2016**1. Bakgrunn**

PS 8/2016 «Gjennomgang av støtte til regionale næringsretta utviklingsaktører 2016» vart handsama i Fylkesutvalet 29. januar. Her vart alle næringsretta utviklingsaktører som vert løyvd partnerskapsmidlar frå Hordaland fylkeskommune presentert, og det vart lagt fram korleis midlar over to budsjettpostar skulle fordelast til desse aktørane. Fylkesrådmannen si innstilling vart vedteken, men etter den politiske handsaminga vart det oppdaga avvik mellom vedtaksteksten og fylkesrådmann si vurdering og framlegg til innstilling.

2. Trong for endring i vedtakstekst

I vedtaksteksten er Design Region Bergen og Maritimt Forum sett opp med ei tildeling på kr 400 000 i 2016 og 2017, medan Filmfondet Fuzz er sett opp med kr 500 000 for 2016.

I vurderinga av desse aktørane i PS 8/2016, og i tabellen gjeldande budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar», er aktørane innstilt med følgjande støttesum:

- Design Region Bergen kr 500 000 for 2016 og 2017
- Maritimt Forum for Bergensregionen kr 500 000 for 2016 og 2017
- Filmfondet Fuzz kr 300 000 i 2016

Det er det som kjem fram av vurderinga og då Fylkesrådmannen si innstilling i teksten, som skulle vore løfta opp i vedtaket. Dette vart diverre ikkje oppdatert etter siste justering av budsjettet.

Fylkesrådmannen rår til at vedtaket vert gjort om, då det ikkje er rom på budsjettposten for «næringsretta partnerskapsmidlar» til å løyse dette med å løyve ekstra midlar.

3. Filmfondet Fuzz

I PS 8/2016 vert følgjande argumentasjon lagt fram for støtta til Fuzz:

«Fuzz er no inne i ein prosess kor ein ser på ei mogleg utviding med Rogaland og Agderfylka, og Fylkesrådmann ønskjer å kome tilbake med ei eiga sak om vidare drift og organisering av Filmfondet Fuzz etter denne utvidinga.

Fylkesrådmann rår difor til at Filmfondet Fuzz vert løyvd kr 300 000, gjeldande for første halvdel i 2016 og at det vert lagt fram ei eiga sak om vidare samarbeid mellom fylkeskommunen og Filmfondet Fuzz, og fylkeskommunen sine forplikingar, våren 2016».

Fylkesrådmannen rår til at modellen med Fuzz vert gjennomført som opphavleg planlagt, og kallar inn Filmfondet Fuzz snarleg for å orientere om dette og drøfte vidare samarbeid.

Ei eiga sak om Filmfondet Fuzz vil verte lagt fram for Fylkesutvalet i juni 2016.